Ekstern vurdering av Jelsa oppvekstsenter, avd. barnehage



Tilbakemelding frå vurderingsteamet

04.11.2026



Vurderingsteamet:

- Jenny Haugland Gundersen, dagleg leiar Ølensjøen FUS barnehage
- Hanne Vassvik, rådgjevar PPT i Suldal
- Åse Markhus Berge, rådgjevar oppvekst Vindafjord kommune

Utviklingsområdet:

Språk og trygge relasjonar



Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med barnehagen sitt utviklingsområde er det laga eit **framtidsbilete** som skal vise korleis det er i barnehagen når alt er optimalt. Me har sett på dette i forhold til barn, føresette, tilsette og leiing.
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd **kriterier** og **kjenneteikn** på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor barnehagen står når det gjeld:
  - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
  - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
  - Føringar i barnehagelova og rammeplanen for barnehagen
- Presentasjonen gir til slutt råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet



Framtidsbilete

På Jelsa oppvekstsenter møter barn og unge trygge og tydelege vaksne, utviklar språk og leselyst i alle fag og situasjonar og lærer og utviklar seg gjennom meiningsfulle opplevingar både inne og ute.



Kriterier

Barna: Barnehagen blir kjenneteikna ved at alle barn kan utrykka seg og utvikla seg gjennom språket, og at dei kjenner seg inkludert og del av fellesskapet.

Tilsette er nærverande og legg til rette for at alle barn får snakke eit språk dei er trygge på.

Føresette opplever å bli sett og møtt, og samarbeider aktivt med barnehagen for at alle skal trivast og oppleva meistring.

Barnehagen som lærande organisasjon: Profesjonsfellesskapet i barnehagen fungerer etter intensjonane i styringsdokumenta.

Metodar som er nytta

Dokumentasjon frå barnehagen

Samtalar/intervju med:

- Barn
- Føresette
- Tilsette
- Leiing

Observasjon i ulike situasjonar inne og ute



Grunnlag for rapport:

- Deltakande observasjon i barnehagen
- Uformelle samtalar med barn
- Intervju/samtale med to barn
- Intervju/samtale med fem tilsette
- Intervju med to føresette frå SU
- Daglege samtalar med leiar
- Uformelle samtalar med personalet
- Skriftlege planar og infoskriv frå barnehagen, som årsplan, utviklingsplan, månadsbrev.



Barnehagen sine sterke sider:

- Høg trivsel blant tilsette, godt arbeidsmiljø
- Høg vaksentettleik
- Tid til kvar enkelt, oversikt over gruppa
- Glade barn
- Barna trivest i barnehagen og får støtte og hjelp av dei vaksne
- Leikemiljøet er fysisk tilrettelagt for barna
- Tilsette opplev god støtte frå leiing, og frå kvarandre i personalet
- Ei positiv foreldregruppe som vil bidra
- I Jelsa oppvekstsenteret er barnehagen og skulen eit fellesskap



Kriterium 1

Barna:

Barnehagen blir kjenneteikna ved at alle barn kan utrykka seg og utvikla seg gjennom språket, og at dei kjenner seg inkludert og del av fellesskapet

Me har sett/opplevd at:

- Barn blir sett, og at dei vaksne har god relasjon til barna, og tid til kvar enkelt.
- Bøker, song, rim og reglar er ein naturleg del av kvardagen.
- Barna lærer gjennom leik, utforsking, rørsle og praktiske erfaringar inne og ute.
- Barna får medverke, undre seg, og lære i trygge rammer.
- Barnehagen nyttar både inne- og uteareal til varierte opplevingar som gir meistring, fellesskap og glede.

Kriterium 2

Tilsette er nærverande og legg til rette for at alle barn får snakke eit språk dei er trygge på.

Me har sett/opplevd/hørt at dei tilsette

- er varme, nærverande og tydelege, og rettleier barna når det trengst.
- støttar barna i å uttrykkje tankar, kjensler og behov, og hjelper dei i konfliktar.
- bruker eit rikt og variert språk og stiller opne spørsmål som fremjar samtale.
- vaksne set ord på opplevingar for å utvikle omgrep og forståing.
- legg til rette for leik, utforsking og praktiske aktivitetar inne og ute.

Kriterium 3

Føresette opplever å bli sett og møtt, og samarbeider aktivt med barnehagen for at alle skal trivast og oppleva meistring.

Føresette fortel:

- at dei er "godt fornøyd" med barnehagen sin
- at barna blir møtt av trygge, varme vaksne, og at barna får medverka.
- at det er ein open og god dialog mellom heim og barnehage, der saker blir tatt opp fortløpande, og at innspela deira blir lytta til.
- at dei får god informasjon om det pedagogiske arbeidet, i infoskriv og på foreldremøte.
- at barn si språkutvikling og samhandling med andre er tema i samtalar mellom barnehage og føresette.
- at dei får konkrete tips til korleis dei kan støtte språk og leselyst heime, til dømes gjennom samtale, høgtlesing, song og forteljing (t.d. tøyveskebiblioteket).

Kriterium 4

Barnehagen som lærande organisasjon: Profesjonsfellesskapet i barnehagen fungerer etter intensjonane i styringsdokument

Me har sett/opplevd/hørt:

- personalet er trygge og varme vaksne med ei felles forståing av rolla si.
- at praksisen blir utvikla gjennom refleksjon og bruk av erfaringar frå kvardagen.
- barnehagen arbeider systematisk med språk og rike språk- og leseopplevingar for alle barn.
- at læringsmiljø og aktivitetar blir planlagde ut frå barna sine interesser, behov og medverknad.
- leiing og pedagogisk praksis er forankra i rammeplanen og støtta gjennom strukturert samarbeid og fagleg utvikling gjennom erfaringsutveksling og fagmøter.
- at aktivitetsplan og pedagogisk analyse-verktøy er blitt brukt.

Råd til vidare arbeid

Bruke meir undrande og åpne spørsmål i samhandling og samtale med barn. Still spørsmål som får barna til å tenkje, forklare og undre seg. Introduser nye omgrep, forklar desse og bygg vidare på det barna seier.

Grunngjeving:

Vurderingsteamet opplevde at det bleir brukt avanserte ord, og at ein kan gå meir i dybden i språket og forklare ord. Bruk gjerne meir visuell støtte ved måltid og i garderobe, tematavle etter tema og årstid (ASK Alternativ Supplerende Kommunikasjon)

Råd til vidare arbeid

Fokus på den gode samtalen i hentesituasjonen, gjerne med ein konkret aktivitet som foreldre og barn kan samtale vidare om heime.

Grunngjeving:

Vurderingsteamet fekk tilbakemelding frå føresette om at dei er fornøgd med levering/hentesituasjonen. For at foreldre og barn skal kunne dele opplevingar frå barnehagen heime, er det fint om ein utvekslar meir informasjon om dagen. Nokre barn fortel lite heime.

Råd til vidare arbeid

Bruk fleire rim, regler og songar på nynorsk.

Grunngjeving:

Vurderingstemaet såg ikkje nynorske tekstar på veggen. Her er ressursar de kan bruke:

- Nynorsk i barnehagen - Nynorsksenteret
- Framside - Lurivar



Råd til vidare arbeid

Samarbeid vidare med andre barnehagar.

Prøv ut hospitering.

Grunngjeving:

Vurderingsteamet fekk tilbakemelding frå tilsette at samarbeid med andre var svært nyttig og lærerikt. Storleiken på barnehagen gjer at ein treng samarbeid og
innspel utanfrå for å kunne utvikle og skape motivasjon i profesjonsfellesskapet.



Andre innspel:

- Inviter gjerne foreldre på dugnad

- Innfør ergonomiske tiltak. T.d. bruk av påkledningsbenk og rullekrakk i garderobe, at barna klatrar opp i vogna og stellebordet sjølv.



Vidare arbeid

Einingsleiar, rådgjevar for oppvekst og PP-kontakt har eit møte innan slutten av januar 2027 for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet. Einingsleiar har ansvaret for å kalla inn til møtet.

I møtet blir det sett opp ein plan for korleis barnehagen skal jobbe for å følgje opp råda, samt gjennomføre og evaluere tiltak som blir sett i verk.

Ein blir einige om korleis barnehageeigar og PP-rådgjevar skal støtte barnehagen i dette arbeidet.

Takk for kjekke dagar på Jelsa oppvekstsenter

